

Sak til Samarbeidsutvalet

Går til:	Medlemmane i Samarbeidsutvalet for Bergensregionen
Dato:	17.09.2020
Sakshandsamar:	Samarbeidssekretariatet (SSE)
Saka gjeld:	Orientering om endring av samarbeidsavtalar grunna kommunesamanslåing - plan for signering
Saksnummer:	33/20

Innleiing/om saka

Saka gjeld oppfølging av punkt 1.7 i Handlingsplan 2020: Årleg gjennomgang av avtaleverket. Samanslåing av kommunar og endring av kommunenamn har medført behov for å gjere redaksjonelle endringar i avtaleverket og avtalane må signerast av dei nye kommunane.

Bakgrunn

I desember 2019 handsama SUa sak om *Årleg gjennomgang av avtaleverket*, der det m.a. var gjort ei grov vurdering av konsekvensar av nasjonale og lokale føringar for dei inngåtte samarbeidsavtalane. Pkt. 2a. i saka peika på at fleire kommunar frå og med januar 2020 har slått seg saman og fått nye kommunenamn, og at samarbeidsavtalane med bakgrunn i dette må oppdaterast med rett partsinformasjon innan utgangen av 2020.

SUa vedtok i møta at;

«endring av kommunenavn grunnet kommunesammenslåing blir gjennomført slik det er foreslått, og ber SSE følge opp og endre navn på avtaleparter og legge til rette for at avtalene får nye signaturer i løpet av 2020.»

SSE har med bakgrunn i dette hatt ein gjennomgang av [Overordna samarbeidsavtale](#), [tenesteavtalar](#) og [særavtalar](#) for å vurdere behov for endringar grunna ny kommunestruktur og nye kommunenamn.

Resultat av gjennomgangen – gjennomførte endringar

- I avtalar der kommunar er nemnt ved namn er gamle kommunenamn erstatta av nye
- I avtalar med tal på samarbeidskommunar er talet korrigert
- Felles mal for signering av både teneste- og særavtalar er utarbeidd og tatt i bruk for alle avtalar
- Namn på Hospitalet Betanien Distriktpsikiatriske senter er endra til Betanien Sykehus

Overordna samarbeidsavtale og tenesteavtale 1, 2, 3 og 5(somatikk, psykisk helse og rus), 4, 6, 7 og 9 er endra med nye kommunenamn og tilpassa for signering i alle kommunane og i spesialisthelsetenesta.

Særavtalar der kommunar er nemnt ved namn er oppdatert med nye kommunenamn og felles mal for signering er sett inn. Alle særavtalar må signerast på nytt.

Orientering til partane:

For å unngå at vi i samhandlingsstrukturen sitt med ulike sett av avtaler har SSE etter råd frå juristar og i dialog med Administrativt Kontaktmøte (AK) blitt einige om at dei ovannemnde avtalane vert sendt ut til signering til alle samhandlingspartar.

Sidan det for tida pågår eigne revisjonsprosessar knytt til tenesteavtale 8, 10, 11 og 12 er det ikkje gjort endringar i desse avtalane. Gjeldande versjonar av desse avtalane vil derfor ikkje bli sendt ut for signering i denne omgang.

Helse Bergen HF vil ilar hausten 2020 sende dei aktuelle samarbeidsavtalane til signering hos partane.